

Flora kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 20.05.2015
Møtestad: Flora Samfunnshus, møterom Ytterøyane
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet
Rådmannen i sak 35 og 36
Revisor i sak 34, 36, 37, 38 og 39

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

o Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
033/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
034/15	Skriv og meldingar 20.5.15
035/15	ROS-analyse Flora kommune
036/15	Informasjon frå rådmannen om anbod og avtaler for kjøkkentenesta i samfunnshuset
037/15	Tinging av overordna analyse
038/15	Tinging av eigarskapskontroll
039/15	Årsrekneskap 2014 - Drøftingssak om framlegging av rekneskapssaka i bystyret
040/15	Oppfølgingsliste 5 - 2015
041/15	Eventuelt

Med helsing

Bjarne Holme
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 20.05.2015	Saksnr 033/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/279
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 20.05.2015	Saksnr 034/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/281
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 20.5.15

Vedlegg:

- Gjennomgang av skriv og meldingar til førre møte. (Saka vart utsett frå møte 29.4.15)
- Eventuell tilbakemelding frå KRYSS Revisjon om deltaking på oljemesse, jf sak 32 (Eventuelt) på førre møte.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 20.05.2015	Saksnr 035/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-170, Komnr-1401	Arkivsaknr.: 15/188
---	-------------------------------------	-------------------------------

ROS-analyse Flora kommune

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Flora kontrollutval 23.03.2015:

Saka vert teken opp i neste møte.

FLO-020/15 Vedtak:

Saka vert teken opp i neste møte.

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til drøfting under «Eventuelt» den 25.2.15: Kontrollutvalet ønskjer Flora kommune si ROS-analyse som sak på neste møte. Rådmannen informerer i møtet.

Nye opplysningar i saka

Saksutgreiing:

Saka vert sett opp på møte den 20. mai 2015. Frå Flora kommune møter leiar for beredskap Eivind Ask.

Vurdering:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat

Informasjonen vert teken til orientering.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 20.05.2015	Saksnr 036/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 15/282
---	-------------------------	-------------------------------

Informasjon frå rådmannen om anbod og avtaler for kjøkkentenesta i samfunnshuset

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til sak 32/15 (eventuelt) frå møte den 29.4.15. Frå møteboka:

Anbod kjøkkenteneste i samfunnshuset

Kontrollutvalet ber rådmannen informere om det har vore anbod og kva avtaler som gjeld. Utvalet ønskjer skriftleg tilbakemelding før møte den 20. mai.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 20.05.2015	Saksnr 037/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 15/285
---	-------------------------	-------------------------------

Tinging av overordna analyse

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Flora kommune frå KRYSS Revisjon.

...

Saksutgreiing:

Ein viktig del av oppstarten for nytt kontrollutval etter valet, er å starte arbeidet med overordna analyse, som er grunnlag for:

- Plan for forvaltningsrevisjon
- Plan for selskapskontroll

Utarbeiding av overordna analyse har vore ein del av revisor sine oppgåver dei tidlegare åra, og sekretariatet ser på det som ein naturleg arbeidsmåte også denne gongen. Vi har starta drøftingane om korleis analysen kan gjennomførast slik at det ikkje tar unødig lang tid, men samstundes blir ein god reiskap i planarbeidet.

Klipp frå [Kontrollutvalshandboka](#), side 77:

For å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for selskapskontroll.¹ Planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er i utgangspunktet uavhengige av kvarandre, men det kan vere ein føremon å samordne planarbeidet.²

For å utarbeide gode planar som får fram kva område i kommunen som bør kontrollerast, må det gjennomførast ein overordna analyse av verksemda til kommunen.³ Den overordna analysen skal gje svar på kva område det er knytt størst risiko til, og kva område det er mest vesentleg for kontrollutvalet å undersøkje. Det er viktig at kontrollutvalet er aktivt involvert i prosessen, spesielt når det gjeld vurdering og prioritering av prosjekt som skal gjennomførast i planperioden.

Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2015 – 2019, og planen skal vere basert på overordna analyse.

Overordna analyse har som føremål å få fram relevant informasjon om verksemda og eigarinteressene i kommunen, slik at det er mogeleg for kontrollutvalet å lage ein plan for forvaltningsrevisjon, og prioritere prosjekt innanfor aktuelle områder. Med overordna analyse ønskjer ein å sikre at det er dei gode og nyttige forvaltningsrevisjonsprosjekta som vert gjennomførte.

SEKOM-sekretariat har dratt i gang samarbeid med Vest Kontroll sekretariat, Kommunerevisjonen i Nordfjord og KRYSS-revisjon, der ein har tinga programmet QuestBack for å bruk til spørjeundersøking i samband med overordna analyse. Det vert elles teke sikte på å bruke same mal for utarbeiding av overordna analyse i alle kommunane.

Tinging av overordna analyse vert lagt fram så tidleg, slik at revisjonen har høve til å innhente synspunkt/erfaringar frå noverande politikarar til utarbeiding av overordna analyse.

SEKOM-sekretariat har avklart med KRYSS Revisjon at dei vil ta på seg arbeidet med overordna analyse.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 20.05.2015	Saksnr 038/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 15/286
---	-------------------------	-------------------------------

Tinging av eigarskapskontroll

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar selskapskontroll i form av eigarskapskontroll frå KRYSS Revisjon.

1. Har kommunen eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?
2. Har kommunen rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariatet har drøfta med KRYSS Revisjon om det er mogelege prosjekt ein kan sette i gong med parallelt med arbeidet med overordna analyse. Revisor føreslo at det kan gjennomførast ein eigarskapskontroll om korleis kommunen følg opp eigarskapen sin.

Figuren nedanfor viser selskapskontrollen sitt omfang og innhald, og er henta frå NKRF sin praktisk veileder for selskapskontroll



Nokre kommunar har utarbeidd eigarskapsmelding med oversyn over selskap dei er eigar i, og korleis dei skal ivareta og utøve kommunalt eigarskap, medan andre ikkje har dette på plass. Det vil difor vere greitt for kontrollutvalet å få eit oversyn over korleis dette fungerer i kommunen.

SEKOM-sekretariat har sett opp følgjande problemstilling som vi synest er naturleg å ha som spørsmålsformulering i bestillinga av eigarskapskontroll:

1. Har kommunen eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?
2. Har kommunen rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 20.05.2015	Saksnr 039/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210, Komnr-1401	Arkivsaknr.: 15/69
---	-------------------------------------	------------------------------

Årsrekneskap 2014 - Drøftingssak om framlegging av rekneskapssaka i bystyret

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til handsaming av rekneskapen for 2014 i førre møte. Under sak 32 (eventuelt), var det følgjande konklusjon:

Framlegging av rekneskapen i bystyret

Nestleiar deltek i bystyret 18. juni saman med leiar som er bystyremedlem. Vi set opp drøftingssak til kontrollutvalsmøte den 20. mai om innhald i presentasjon.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 20.05.2015	Saksnr 040/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1401	Arkivsaknr.: 14/325
---	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 5 - 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
Tiltak – kontrollutvalsarbeid 011/09	31.03.09	31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar om Flora.
Etiske retningslinjer	23.10.14	53/14, 23.10.14 Frå «Skriv og meldingar»: Etiske retningslinjer: Rådmannen gir tilbakemelding etter nyttår om omfang av saker der det blir tilsett nære slektningar av leiarar og rutine i slike saker. 24.10.14: Sendt spørsmål til rådmannen. 10/15, 25.2.15 Frå Skriv og meldingar 1. Etiske retningslinjer – rutinar ved tilsetjing av nære slektningar. Informasjon ved rådmann Terje Heggheim og personalsjef Trond Ramstad-Olsen. Habilitet vert vurdert og personalsjef er med i tilsetjingsprosess når det vert vurdert aktuelt. Flora kommune vil vurdere omtale av politikk i høve nær slektskap mellom leiar og underordna i etiske retningslinjer.
Forvaltningsrevisjon:	23.10.14	KU-sak 56/14, 23.10.14 Vedtak:

Innkjøpsrutinar 56/14		1. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Innkjøpsrutinar. 2. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til grunnskule. 3. Følgjer Flora kommune lover og reglar ved innkjøp? • Organisering av innkjøpsfunksjonen? • Rutinar som sikrar rett innkjøpsprosess? • Oppfølging av innkjøpsavtalar 4. Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 21. november 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015. 5. Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet. 24.10.14: Tinginga sendt til KRYSS Revisjon. 63/14, 21.11.14: Prosjektplan. Vedtak: Prosjektplan for forvaltningsrevisjon om innkjøpsrutinar datert 13.11.14, vert godkjent.
Transparency international	23.10.14	59/14, 23.10.14 Frå «Eventuelt»: • Transparency international: Oppføring på oppfølgingslista om at bystyret ikkje har avklara innmelding. 65/14, 21.11.14 Frå Eventuelt: Transparency International (TI): Framlegg til lesarbrev frå Ingvar Torsvik Myrvollen vart delt ut. Lesar brevet vert sendt frå alle medlemmane i utvalet. 08/14, 14.1.15 Frå Eventuelt: Transparency International Sekretariatet ber Flora kommune om tilbakemelding på korleis dette er handsama i bystyret. 15.1.15: Sendt spørsmål om handsaminga til Flora kommune 10/15, 25.2.15 Frå Skriv og meldingar: Transparency International – korleis er dette handsama i bystyret Hadsama i bystyret den 13. mai. Ordlyd i bystyret sitt vedtak: 1. Flora Bystyre er positiv til at det skal vere høg fokus på antikorupsjonsarbeid, og vil evaluere Flora kommune sine eigne retningslinjer, slik at dei dekkjer alle etikkområder, også korrupsjon. 2. Flora Bystyre ser det som naturleg at etiske retningslinjer vert innarbeidd i samfunnsplanen ved neste rullering av planen. 3. Flora kommune skal ha handsaming av korrupsjon og eigne etiske reglar som tema på framtidig folkevaldopplæring. 4. Medlemskap i Transparency International vert å komme tilbake til i eiga sak, der kommunen si rolle i eit slikt medlemskap er meir utgreidd.
Konferansar	23.10.14	59/14, 23.10.14 Frå «Eventuelt»: • Drøfte deltaking på konferansar i 2015. - o NKRF: 4. og 5. februar: Bjarne Holme og Bjørg Mikalsen. Vara 1: Eva Richter, vara 2: Ingvar Myrvollen. Deltaking - o FKT: 3. og 4. juni: Berit Hovland og Ingvar T Myrvollen. Vara 1: Bjarne Holme, vara 2: Eva Richter

Møteplan 2015	14.01.15	06/15, 14.01.15: Møteplan for 2015 vert godkjent med følgjande møtedatoar: 14. januar 25. februar 23. mars 29. april 20. mai 22. juni (Torvmyrane skule) 23. september 11. november Frå «Eventuelt» den 14.01.15: Eventuelle synfaringar med møte i 2015 Rådhuset den 25. februar Florø barneskole: 23. mars Flora samfunnshus: 29. april Resten blir avklara seinare. 15.01.15: Sendt førespurnad til rådmannen om opplegg for synfaring / omvising. 23.03.15, frå 22/15, Eventuelt: Eventuell synfaring og omvising Kontrollutvalet ønskjer synfaring / omvising med møterom ved Torvmyrane skule til møte den 22. juni. Utvalet ber om orientering frå kulturskulen i møte den 23.9.15.
Årsmelding 2014	14.01.15	05/15, 14.01.15: Framlegg til årsmelding datert 6.1.15, vert godkjent med følgjande endringar: • Tilleggssetning knytt til «Forvaltningsrevisjon»: Rapporten som var knytt til pleie og omsorg viste gode resultat. • Partitilknytning går fram av «Medlemar». • Under tabellen «Synfaring med orientering» Kontrollutvalet har vore opptatt av at bygget Havhesten skal ha eit godt vedlikehald for å unngå at det må stengast. • Under tabellen «Saker til kommunestyret»: Utvalet har vore pådrivar for å få reist sak i bystyret om å ta stilling til medlemsskap i Transparency International. 15.01.15: Årsmeldinga, oppdatert med endringane i vedtaket sendt til bystyret for handsaming.
ROS-analyse		15/15, 25.2.15 Frå Eventuelt: Kontrollutvalet ønskjer Flora kommune si ROS-analyse som sak på neste møte. 20/15, 23.3.15 , vedtak: Saka vert teken opp i neste møte.
Rekneskap 2014 – Flora kommune		25/15, 29.4.15, vedtak: <i>Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Flora kommune vert vedteken med følgjande tillegg: Kontrollutvalet viser til avvika i rekneskapen jf note 20 og er bekymra for meirforbruk og tilhøve til lov- og regelverk innan Barn og unge (teneste 470). Vi viser også til avvik innan Politisk leiing (teneste 100). På denne tenesta er det overforbruk, medan det er budsjettert ytterlegare reduksjon i 2015. Utvalet peikar på at dette kan vere ei ekstra utfordring.</i> 30.4.15: Sendt til Flora kommune for handsaming

Rekneskap 2014 – Flora Hamn KF		26/15 den 29.4.15, vedtak: <i>Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2014 for Flora Hamn KF vert godkjent.</i> <i>Kontrollutvalet viser til presisering i revisjonsberetninga om regulering av investeringsbudsjettet.</i> 30.4.15: Sendt til Flora kommune for handsaming
Rekneskap 2014 – Flora Kjøkkenservice KF		27/15 den 29.4.15, vedtak <i>Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2014 for Flora Kjøkkenservice KF vert godkjent.</i> <i>Kontrollutvalet viser til presisering i revisjonsberetninga om regulering av budsjett.</i> 30.4.15: Sendt til Flora kommune for handsaming
Rekneskap 2014 – KF Innvandrarsenteret i Flora		28/15 den 29.4.15, vedtak <i>Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2014 for KF Innvandrarsenteret i Flora vert godkjent.</i> 30.4.15: Sendt til Flora kommune for handsaming
Rekneskap 2014 – Havhesten Flora kommune KF		29/15 den 29.4.15, vedtak <i>Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2014 for Havhesten Flora kommune KF vert godkjent.</i> <i>Kontrollutvalet viser til presisering i revisjonsberetninga om regulering av budsjett og inndekking av underskot i investeringsrekneskapen for 2013.</i> <i>Kontrollutvalet peikar på at føretaket har rekneskapsmessig meirforbruk på kr 489.189,04.</i> <i>Bystyret må finne inndekking for dette.</i> 30.4.15: Sendt til Flora kommune for handsaming
Rekneskap 2014 – Allhuset Eikefjord		30/15 den 29.4.15, vedtak: <i>Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2014 for Allhuset i Eikefjord vert godkjent.</i> 30.4.15: Sendt til Flora kommune for handsaming
Deltaking på oljemesse		32/15 den 29.4.15, frå Eventuelt: <i>Deltaking på oljemesse</i> <i>Kontrollutvalet ber revisjonen undersøke om det ligg føre vedtak om deltakinga.</i> 30.4.15: Sendt KRYSS Revisjon for oppfølging
Framlegging av rekneskapen i bystyret		32/15 den 29.4.15, frå Eventuelt: <i>Framlegging av rekneskapen i bystyret</i> <i>Nestleiar deltek i bystyret 18. juni saman med leiar som er bystyremedlem. Vi set opp drøftingssak til kontrollutvalsmøte den 20. mai om innhald i presentasjon.</i> 12.5.15: Sett på saklista til 20.5.15.
Anbod kjøkkenteneste i samfunnshuset		32/15 den 29.4.15, frå Eventuelt: <i>Anbod kjøkkenteneste i samfunnshuset</i> <i>Kontrollutvalet ber rådmannen informere om det har vore anbod og kva avtaler som gjeld.</i> <i>Utvalet ønskjer skriftleg tilbakemelding før møte den 20. mai.</i> 30.4.15: Sendt rådmannen for tilbakemelding

SEKOM-sekretariat

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/280
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).